



Uskedelingen Jørn Øyrehagen Sunde er den som veit mest om Baroniet Rosendal. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er uskedelingen, professor dr. juris. Jørn Øyrehagen Sunde som veit mest om Baroniet.

Det konstaterte baronistyrar Anne Grethe Honerød i ein sterkt berømmende introduksjon då han skulle halda foredrag laurdag om ekteskapet til Karen Mowatt (1630/1675) og Ludvig Rosenkrantz (1628/1685). Ein av dei viktigaste konklusjonane hans var at Karen og Ludvig faktisk var glade i kvarandre!

Men fyrst Honerød: - Jørn har vore trufast mot Baroniet heilt sidan han vart guide her og det har vore spanande å følgja han opp gjennom åra. Det han har gjort for denne staden er uvurderleg og han er ei utømmeleg kjelde både om det som skjedde her frå 1665 til 1927 – og langt tidlegare. Sjølv om Jørn no er ansatt som professor i rettshistorie ved Universitetet i Bergen er han historisk rådgjevar i 20 prosents stilling ved Baroniet og held historiske seminar kvar haust.

Jørn Øyrehagen Sunde har sagt og skreve at han **trur** skaparane av Baroniet gifta seg i 1658.

I foredraget slog han fast at dette er symptomatisk fordi ein veit lite om historia til Baroniet på 1600-talet. Men han har hatt god hjelp av 150 brev som no ligg i Statsarkivet og åtte-ni av dei danna bakgrunnen for foredraget hans.

Ekteskapet mellom den militære befalingsmannen frå Danmark og Norges rikaste arving kan verka som eit fornuftsekteskap, men Karen gjev i breva uttrykk for at ho er "inderleg glad i han" og at ho lengtar etter han.

Ein annan viktig opplysning som Baroni-eksperten har funne belegg for i breva er den etterkvart skarpe konflikt mellom dei to om kor dei skulle busetta seg – i Danmark eller Noreg. Han hadde fått generalfiskalen, som var ein slags skattemeister, på nakken. Han ville ha skatt av alle setegardane og Ludvig måtte opphalda seg i København for å ta vare på interessene sine i den samanhengen. Karen sat heime på Vestlandet og hadde ei oppgåve ho mistrivdes sterkt med – ho skulle krevja inn gjeld som ikkje minst skulle finansiera København-opphaldet til mannen. Og som høg militær hadde han ein dyr livsstil.

Karen kom i breva sine med stadig sterkare bønner om at han skulle komma heim og ta seg av styringa av godset..

- Kjem du ikkje, kjem det skam over oss, truga ho og var redd for at dei skulle hamna "i forlegenhet". Konflikten spissa seg stadig og klimaks kom i 1664 då ho slog fast at det var galskap av mannen å bli lenger i Danmark. Han kom da også heimatt dette året og seinare fekk vener av han stoppa prosessen i Danmark.

Då han kom heim hadde han endra karakter, noko som ikkje minst kom til uttrykk gjennom ei hard inndrivning av gjeld og leilendingsavgift, som var forsømt. I perioden 1664/1666 fekk han inn store summer som gjorde han i stand til å kjøpa meir eigedom og byggja det vesle slottet som sto ferdig i januar 1668.

- Karen, som døydde 10 år før han i 1675, var strategen bak hans karriere og bak at han vart baron, sa Jørn Øyrehagen Sunde.

Av Ola Matti Mathisen